

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 10. desember 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Jan Erik Brudeli	BankID OIDC High	2025-12-11 17:05:30
Sverre Risa	BankID OIDC High	2025-12-11 16:00:51



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Time kyrkjelege fellesråd

Dato og tid: 10.12.2025, 14:00

Stad: Anna lokale

Saksmappe: TKF2025-114

Til stades: Willy Finnbakk (leiar), Jostein Aarbakke Tollaksen (sekretær), Ivar Risa (Medlem), Jan Erik Brudeli (Medlem), Lars Sigurd Tjelle (Medlem), Sverre Risa (Medlem), Tordis Sandvik (Medlem), Oddmund Gravdal (Varamedlem), Siri Vik (Andre innkalte)

Forfall: Lars Tore Helgeland (Nestleiar), Iren Lassen (Medlem)

Protokollfører: Jostein Aarbakke Tollaksen

Sakslista

Faste Saker

034/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtesaker

035/25 Val av leiar og nestleiar for 2026

036/25 Møteplan TKF 2026

037/25 Budsjetjustering desember 2025

Orienteringssaker

00015 Prostigrenser - oppdatering

00016 Oppfølging Carlseneigedommen

00017 Økonomi sett i lys av kommunal tildeling for 2026 -moglege konsekvenser

00018 Økonomisk stoda pr. november 2025

Jan Erik Brudeli
Medlem

Sverre Risa
Medlem

034/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	10.12.2025	034/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

035/25 Val av leiar og nestleiar for 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	10.12.2025	035/25

Saksframlegg

Val av leiar og nesteleiar for 2025

Bakgrunn for saka:

I tråd med virksomhetsreglene for kyrkjelege organ § 1 nr. 3 skal leiar og nestleiar i fellesrådet veljast for eit år om gongen.

Saksopplysningar:

Leiar og nestleiar kan berre velgast blant dei faste medlemmane av kyrkjeleg fellesråd og noverande leiar fungerer fram til ny leiar er vald. Det er fastsett i reglane at valet skal føregå skriftleg. Valet gjennomførast som eit fleirtalsval, jf. § 7 nr. 3.

Alle dei faste medlemmane av kyrkjeleg fellesråd er valbare som leiar og nestleiar. Det gjeld med andre ord òg kommunens representant og geistleg representant. KA og Kirkerådet har i si vegleiing likevel fråråda at kommunens representant blir vald til leiar av kyrkjeleg fellesråd, då dette vil kunne svekke forståinga av fellesrådet som eit sjølvstendig kyrkjeleg organ, og vanskeliggjere ei god rolleforståing mellom kommune og kyrkje

Forslag til vedtak

Saka vert lagd fram utan forslag til vedtak

Møtebehandling

Dagens leiarpar: Willy Finnbak som laiar og Lars Tore Heleland som nestleiar stilte begge til bal for ein ny periode. Det kom ikkje inn forslag på motkandidatar.

Vedtak

Willy Finnbak blei vald til leiar for Time kyrkjelege fellersåd for 2026. Lars Tore Helgeland blei vald til nestleiar for same perioden.

Vala var einstemmig.

036/25 Møteplan TKF 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	10.12.2025	036/25

Saksframlegg

Møteplan 2026

Bakgrunn for saka:
Kyrkjeleg fellesråd avgjer sjølv kor ofte det vil ha møte.

Saksopplysningar:
I Time har det vore vanleg med 6 – 8 møter i året. Utover dette kan leiaren eller minst 1/3 av medlemmane krevje møte, jf. Virksomhetsreglene §4.1.

Forslag til vedtak

Time kyrkjelege fellesråd held møtene sine på kyrkjekontoret onsdagar kl. 14.00 – 16.00

Møteplan for 2026.

21.01. Budsjettmøte
11.03.
13.05. Tertialrapport. Innspel til økonomiplan
09.09. Tertialrapport
28.10.
09.12. Val av leiar og nestleiar

Ved behov vert det kalla inn til møte i administrasjonsutvalet i førekant av fellesrådsmøta.

Møtebehandling

I møtet kom det fram at møtene i januar, mai og september bør skyvast ei veke ut i tid

Møteplanen for 2026 ser då slik ut:

28.01. Budsjettmøte
11.03.
20.05. Tertialrapport. Innspel til økonomiplan
16.09. Tertialrapport
28.10.
09.12. Val av leiar og nestleiar

Vedtak

Time kyrkjelege fellesråd held møtene sine på kyrkjekontoret onsdagar kl. 14.00 – 16.00

Møteplan for 2026.

28.01. Budsjettmøte
11.03.
20.05. Tertialrapport. Innspel til økonomiplan
16.09. Tertialrapport
28.10.
09.12. Val av leiar og nestleiar

Ved behov vert det kalla inn til møte i administrasjonsutvalet i førekant av fellesrådsmøta.

037/25 Budsjettjustering desember 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	10.12.2025	037/25

Saksframlegg

Ved budsjettkontroll er det oppdaga ei feilføring på teneste 1300 gravplass. Mindreforbruk på tenesta er ført skal brukast til dekking av underskot på investering 1530, men den blei dekkja opp i 2024. Mindreforbruk i 2025 bør derfor budsjetterast med overføring til disposisjonsfond, art 1540. Etter førre budsjettjustering er dette beløpet på kr. 644 740

Forslag til vedtak

Dekking av underskot på investering art 1530 kr. 644 740 vert flytta til overføring til disposisjonsfond art 1540.

Vedtak

Dekking av underskot på investering art 1530 kr. 644 740 vert flytta til overføring til disposisjonsfond art 1540.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	10.12.2025	00015

00015 Prostigrener - oppdatering

Informasjon

Oreintering om saksbahandleing i Birpedømmerådet

18. november behandlet bispedømmerådet saken «Gjennomgang av prostiinnelingen i Stavanger bispedømme». Rådet takker for mange hørings svar og stort engasjement!

«Høringsinstansene har bidratt med gode perspektiver på prostiinnelingen hver fra sine roller og ståsted. De har gitt verdifulle bidrag til å forstå lokalmenighetene og fellesrådenes behov knyttet til organiseringen av prostiene. Noen av innspillene sammenfaller med arbeidsgruppas faktorer og kriterier, noen av dem supplerer disse. Engasjementet for prostigrener har vært stort, og det kan si oss noe av betydningen av god organisering av prostiene.», står det i saken.

På nettsidene våre ligger en artikkel om vedtaket rådet gjorde og også bakgrunn for saken:
[Prøver ut storprosti og jobber videre med prostiene i sør - Stavanger bispedømme.](#)

Lenke til saken i sin helhet:
<https://t.ly/4ZpHh>

Kort oppsummert - det som gjelder Jæren prosti:

Jobber videre med prosti i sør

Arbeidsgruppa som gjennomgikk prostistrukturen i bispedømmet, foreslo at Tungenes, Jæren og Dalane prostier ble delt i to. Hå og Gjesdal fellesråd var skissert slått sammen med Dalane og utgjøre «Dalane og Sør-Jæren prosti», mens Time og Klepp skulle sammen med Tungenes bli «Tungenes og Nord-Jæren prosti». Dette var også forslaget til vedtak for bispedømmerådets behandling.

I høringen møtte dette forslaget motstand. Høringsinstansene vektla blant annet lokal kultur, identitet og samhandling sterkere enn arbeidsgruppas argumenter om administrativt gode enheter.

Etter grundige samtaler gikk rådet for et annet vedtak det som var foreslått i denne delen av saken. I det nye vedtaket heter det at bispedømmerådet ser behovet for ny prostistruktur sør i bispedømmet, og ber en ny arbeidsgruppe utforme en mer robust og bærekraftig inndeling for Dalane, Jæren og Tungenes. Arbeidsgruppa skal være bredt sammensatt med representanter fra de tre prostiene og bes melde saken tilbake til bispedømmerådet til ny behandling.

Slik ble det endelige vedtaket om prostigrener:

1. Stavanger bispedømmeråd takker menighetsråd, kirkelige fellesråd og arbeidstakerorganisasjoner som har svar på høringen «Forslag til endret prostiinndeling i Stavanger bispedømme».

2. Rennsøy sokn, Hesby sokn, Sjernarøy sokn og Talgje sokn overføres fra Tungenes prosti til Ytre Stavanger prosti.

3. Stiftsdirektøren bes om å gjennomføre et forsøksprosjekt med utprøving av en sammenslåing av Stavanger domprosti og Ytre Stavanger prosti til ett prosti, med samme geografiske utstrekning som Stavanger kommune og Stavanger kirkelige fellesråd.

4. Bispedømmerådet ser at det er behov for en ny prostistruktur i den sørlige delen av bispedømmet, for å få enheter med passende størrelse til å sikre god drift og samhandling.

Bispedømmerådet nedsetter derfor en arbeidsgruppe med representanter fra Jæren, Dalane og Tungenes prostier.

En representant fra fellesråd, en representant fra MR, en kirkeverge, to proster, tillitsvalgt fra Spir, Stiftsdirektøren leder arbeidsgruppen. Det skal være to representanter fra hvert prosti i arbeidsgruppen.

Med bakgrunn i saksutredningen, høringsinnspillene og samtalene i bispedømmerådet bes gruppen om å utforme en mer robust og bærekraftig prostiinndeling for disse områdene. Bispedømmerådet ber om å få saken tilbake til behandling.

5. Inndelingsendringene iverksettes fra det tidspunktet stiftsdirektøren bestemmer.

6. Vedtaket er gjort i medhold av kirkeordningen § 3 tredje ledd.

Dette til orientering.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	10.12.2025	00016

00016 Oppfølging Carlseneigdommen

Informasjon

Viser til sak 015/25 og orienteringssak 014/25 frå møtet 29. oktober 2025, med følgjande konklusjon:

Konklusjon etter samtalen i møtet 29. oktober:

Rådet ser at det er grunnlag for å halde fram samtalanane med Hotell Jæren Eiendom for å avklare moglegheiter og utfordringar i prosjektet. Rådet er ikkje motvillig til å la Hotell Jæren Eiendom stå for eigarskap, bygging og drift, under føresetnad av at fellesrådet/soknet vert sikra gode og langsiktige avtalar og løysingar. Kyrkjeverja tek kontakt med fagpersonar innan avtalerett for å kartleggje kompleksiteten i prosjektet.

Fellesrådsleiar og kyrkjeverje hadde den **2. oktober og 5. november** møte med styreleiar Helge Grøsfjell og dagleg leiar i Hotell Jæren, Mette Vigre. I desse møta vart behova frå hotellet og fellesrådet skisserte. Hotellet har ønskje om minimum 20 hotellrom for at prosjektet skal vere aktuelt. Fellesrådet har uttrykt ønskje om 19 cellekontor til kyrkjeleg tilsette, samt disponering av fellesareal saman med hotellet.

På bakgrunn av dette vart det halde møte saman med arkitekt Reier Carlsen den **18. november 2025**. Fellesrådsleiar møtte på vegner av fellesrådet i dette møtet, der også Helge Grøsfjell og Mette Vigre deltok.

Etter dette møtet arbeider ARC no med konkrete planar for å sjå korleis det er mogleg å realisere desse behova. Vi avventar framleis tilbakemelding på dette.

Dersom dei skisserte behova heilt eller delvis kan imøtekomast, vert neste fase å avklare med Time kommune om deira vilje til å inngå langsiktig leigeavtale for lokale til fellesrådet.

Her står saka i dag.

I forlenging av desse avklaringane må kyrkjeverje sjekke ut juridiske forhold knytt til seksjonering av bygg og langsiktige avtaler som sikrer fellesrådet tilgang til bygget i lang tidshorisont.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	10.12.2025	00017

00017 Økonomi sett i lys av kommunal tildeling for 2026 -moglege konsekvenser

Informasjon

Kommunedirektøren sitt forslag til budsjett for 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 legg opp til å auke Fellesrådets driftstilskot med kommunal deflator - 3,5% samt oppretthalde det årlege investeringstilskotet på kr 500' pr. år i heile perioden - totalt kr. 2 mill.

Kommunal deflator er eit snitt av årleg løns og prisvekst.

Sektoren vår hadde i henhold til årets lønnsoppgjer ei auke på 4,4% Det vil i praksis seie at me får tildelt 0,9% lågare tilstudd til lønn enn reell lønnsauke. Dette gjeld dei kommunalt finansierte stillingane.

Dette utgjer ein differanse på omlag kr. 55' for 2026. Me dreg med oss ein tilsvarande differansen fleire år tilbake i tid som blir akkumulert opp.

I tillegg så har me årlege udekka utgifter knytta til Carlseneigedommen på ca 300'. pr.år. Desse tinga gjer at det er vanskeleg å få budsjettet til å gå ihop utan å tappa på fondsreserver.

I tillegg vil it-budsjettet auke med ca 90' pr. år etter overgang til Kirkepartner når nå perioden med 50% rabatt snart er over.

Dette er ei kalkulert auke for å betre it-sikkerheit og god felles tilgang til kyrkelege løysinger.

I sum vi dette seie av me risikerer å ha ei underdekning på omlag 400-450' pr år når me skal få budsjettet for 2026 til å gå ihop.

Dette kan i sin ytterste konsekvens bety at me i 2026 må gå til nedbemanning. Dette vil primært gjelde administrative ressurser som er finansiert gjennom kommunale tilskot.

Me kjem tilbake til dette i samband med behandling av budsjett i januarmøte.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	10.12.2025	00018

00018 Økonomisk stoda pr. november 2025

Informasjon

Barnehagen i Bryne kyrkje:

På møte i september blei det orientert om barnehageforliket og den økonomiske situasjonen for Barnehagen i Bryne kyrkje. Det blei der avtalt at ein skulle ta dette vidare på møte i november (som nå er i desember).

Barnehagen har pr. 30.11. eit meirforbruk på 112.000. Ved å stipulera inntekter og kjende kostnadar for desember ser du ut for at meirforbruket endar på vel 50.000. Dette er under budsjettert meirforbruk på 70.000. Grunnen til dette er streng utnytting av personalet, samt at deler av ped.leiarstillingane er bemanna med ped.leiar på dispensasjon som er lågare lønna. Dette er ikkje gjort for å spara lønnskostandar, men fordi ein ikkje får tak i kvalifisert personell.

Barnehagen hadde i 2024 eit meirforbruk på 200 000 og sit pr. i dag igjen med eit disposisjonsfond på omlag 240 000.

Fellesrådet:

Ved å stipulera inntekter og utgifter ut året ser det ut for at fellesrådet kan gå i nokonlunde balanse, men det er usikre tal. Pga av ein feil i 2024 blei ikkje overføring frå Heimlyfondet på 224.000 til 25 % diakonstilling ført før nå i 2025. Det har vore mykje vakans i stillingane innan kyrkjeleg undervisning og læring så me må nok rekna med reduksjon i tilskotet for 2026. Det er teke omsyn til dette i stipulering av resultatet. Ved førre budsjettendring blei det vedteke å bruka 400 000 av premiefond i KLP for å dekkja pensjonskostnadar.

Rekneskapet for Undheim barnehage viser eit meirforbruk på 700 000 pr. 30.03.25 som må dekkas inn av fellesrådet sitt disposisjonsfond om ikkje me får til ein avtale med Time kommune om å ta deler av det. Det skal ein sjå litt på i samanheng med resultatet til barnehagen rester av året, om det ev. er ei skeivdeling av kostnadar og inntekter på året.

Disposisjonsfondet til fellesrådet er på omlag 970 000. Av dette er 800 000 øyremerka til konfirmantarbeid, kyrkjeleg undervisning og læring og gravplassdrift.

Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 10. desember 2025

Navn

Sverre Risa

Dato

2025-12-11

Navn

Jan Erik Brudeli

Dato

2025-12-11

Identifikasjon

 Sverre Risa

Identifikasjon

 Jan Erik Brudeli



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))